

STAD

Haugen skule

# Skuleåret 2022-23

Haugen skule

Velkomen  
til nytt skuleår!



Informasjon / aug 2022



Stad  
kommune

## Innhold

Helsing frå rektor	3
Tilsette ved skulen og SFO skuleåret 2022 -2023	4
Skulerute 2022 – 2023	4
Timeoversikt	5
Vigilo	6
Symjerute for Haugen skule 2022 – 2023	6
Bestilling av melkeprodukt	7
Leksehjelp	7
Informasjon om SFO	8
Klassekontakter 2022 - 2023	9
Råd og utval	9
9A – Eit trygt og godt skulemiljø	10
Skulehelsetenesta	11



## Helsing frå rektor og styrar

På vegne av tilsette ved Haugen skule og barnehage, vil eg ynskje elevar og føresette velkomne til eit nytt skuleår. Vi er spente og forventningsfulle, og vi gler oss til å ta fatt på eit nytt arbeidsår.

Trivsel er viktig – for både små og store. Å gå på skule og å vere ein del av eit fellesskap er kjekt, spennande, lærerikt, og av og til litt utfordrande. For at vi skal trivast og ha det bra her på Haugen skule og barnehage, har vi alle, både elevar og tilsette, eit ansvar for å vere inkluderande, omsorgsfulle, kjekke og respektfulle overfor kvarandre - både i skuletida og på SFO.

Vidare er eit godt samarbeid med heimen viktig for å skape god trivsel, utvikling og læring. Det er du som føresett som kjenner barnet ditt best, og det er i god dialog og samhandling med deg vi på best måte kan tilpasse og legge til rette for akkurat ditt barn. **Ditt barnet sitt beste** er til ei kvar tid det viktigaste for oss.

Vi håper at alle elevar, føresette og tilsette ved Haugen skule og barnehage vil få eit godt år prega av trivsel, læring, utvikling og godt samarbeid!

Venleg helsing

Vivian Frøyne Melheim

Rektor og styrar ved Haugen skule og barnehage

[vivian.melheim@stad.kommune.no](mailto:vivian.melheim@stad.kommune.no)

Mobilnummer: 472 71 400

# Tilsette ved skulen og SFO skuleåret 2022 - 2023

Hildegunn B. Andreassen - kontaktlærer 1. trinn  
Svanhild Marie Nybø - kontaktlærer 2. trinn  
Gunn Bakke - kontaktlærer 3. trinn  
Mariann Mortensen - kontaktlærer 4. trinn  
Grethe Å. Espe - kontaktlærer 5. trinn  
Nicholas Denton - kontaktlærer 6. trinn  
Audny Dalsbø - kontaktlærer 7. trinn  
Linda Josdal - faglærer  
Eldri Rimmereid - faglærer

Mali Sagsletten - fagarbeidar  
Ørjan Solheim - fagarbeidar

Vivian Frøynes Melheim, rektor og styrar

## Skuleruta 2022 - 2023

AUG	Første skuledag	15. august
OKT	Haustferie	10.-14. oktober
NOV	Elevfri dag	4. november
DES	Siste skuledag før jul	20. desember
JAN	Første skuledag etter jul	3. januar
	Elevfri dag	27. januar
FEB	Vinterferie	20.-24. februar
MARS	Siste skuledag før påske	31. mars
APRIL	Første skuledag etter påske	11. april
MAI	Elevfri dag	19. mai
JUN	Siste skuledag	20. juni



## Timeoversikt

Man – tys – tors – fre	Start	Slutt	
1. time	08.50	09.50	60 min
Friminutt	09.50	10.10	20 min
2. time m/måltid	10.10	11.40	90 min
Friminutt	11.40	12.10	30 min
3. time	12.10	13.10	60 min
Friminutt	13.10	13.30	20 min
4. time	13.30	14.30	60 min
Leksehjelp 4. – 7. trinn, tysdag og torsdag for påmelde elevar	14.30	15.00	30 min
<b>Onsdag</b>			
1. time	08.50	09.50	60 min
Friminutt + fysisk aktivitet	09.50	10.05	15 min
2. time	10.05	10.50	45 min
Leksehjelp 4. – 7. trinn, for påmelde elevar	10.50	11.20	30 min



## Vigilo

Vigilo er kommunikasjonsplattforma som vi nyttar. Her vil du finne ulik informasjon og meldingar, t.d. dette informasjonsheftet, handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø og dagsaktuell informasjon frå SFO til heimane.

Elevane nyttar google classroom som læringsplattform.

[www.vigilo.no](http://www.vigilo.no)

## Symjerute for Haugen skule 2022 – 2023

Symjing i veker: 39 - 44  
10 - 18

Måndagar: 1. trinn, 3. trinn, 7. trinn

Tysdagar: 2. trinn, 4. trinn, 5. trinn, 6. trinn

Avreise frå Haugen skule kl 1140 og retur ca kl 1330.



## Bestilling av melkeprodukt

Elevane på Haugen skule kan bestille melkeprodukt til matpakka måndag, tysdag, torsdag og fredag.

Dette gjer de på : [www.skolelyst.no](http://www.skolelyst.no)

Det tek om lag ei veke frå bestilling til eleven får melkeprodukt på skulen.

## Leksehjelp


Ved Haugen skule vert det gjeve tilbod om leksehjelp for elevar frå 4.-7. klasse.

Tysdag kl. 1435 – 1505

Onsdag kl. 1055 – 1125

Torsdag kl. 1435 - 1505

Oppstart av tilbodet vert tysdag 23.08. Lenke til påmelding vert sendt ut i Vigilo.



# Informasjon om SFO

## Opningstider

Kvar morgon: 07.30 – 08.50

Mandag, tysdag, torsdag og fredag: 14.30-16.30

Onsdag: 10.50 – 16.30



Ein søker om plass for kvart skuleår på [www.vigilo.no](http://www.vigilo.no) - foreldreportalen.

Informasjon på Stad kommune si heimeside : [www.stad.kommune.no](http://www.stad.kommune.no)

Søknadsfrist er 1. august, for å vere sikra plass til skulestart. Skulane kan foreta ei høyring hjå føresette på våren kring SFO-behov, for slik å kunne starte planlegging av neste skuleår. Det er likevel høve til å søkje om plass i skuleåret. Ein kan då starte på SFO 3 veker etterinnsendt søknad.

Dersom ein ynskjer å seie opp SFO-plassen, skal det skje skriftleg. Ein seier opp SFO-plass via nettstaden: [www.vigilo.no](http://www.vigilo.no)

Plass i skulefritidsordninga kan seiast opp frå den 1. i kvar månad med minst ein månads varsel. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.

## 12 timar gratis SFO per veke for elevar på 1.trinn:

Regjeringa ved Kunnskapsdepartementet kunngjorde 14. juni 2022: Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova. Dette gjeld 12 timar per veke gratis skulefritidsordning for elevar på 1. årstrinn frå august 2022. Stad kommune har fordelt 12 timar gratis SFO for elevar på 1. årstrinn på skuledagane for hausten 2022. Nye vedtekter skal ut på høyring i haust, og endeleg vedtak vert å kome attende til.

Nye midlertidige vedtekter SFO for 1. årstrinn finn du på Stad kommune si heimeside.

## Tilbod i skuleferiar

Ved behov kan skulane ha tilbod om SFO i feriar. Dette tilbodet gjeld ei veke før skulestart i august og onsdag, torsdag og fredag både i haust- og vinterferien.

SFO er open kl. 07.30 – 15.30 i feriar, men det må vere minst tre påmelde kvar dag. Det er egne betalingssetar for SFO-tilbod i skuleferiar.

Påmeldingsskjema med gjeldande betalingssetar ligg på Stad kommune si heimeside. Fristen for påmelding er tre veker før kvart ferieopphald. Påmeldinga er bindande.



## Klassekontakter 2022 - 2023

Klasse	
1	Ove M. Haveland Stian N. Sandvik
2	Michelle S. G. Bruvoll Thomas Heimsæter
3	Ørjan Araldsen Håland Malin Aare-Haugland
4	Jim Andre Balsnes Trine Meland
5	Ole Alexander Hopland Ragna F. Haugland
6	Geir Holmen Solbjørg Haveland
7	Sylvi Mikalsen Steven Johnson

Klassekontaktene er medlem i FAU.

## Råd og utval

Etter opplæringslova §11 skal skulen ha desse utvala:

**Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU):** Alle foreldre som har barn i skulen, er medlemar av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. FAU skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

**Samarbeidsutval (SU) og skulemiljøutval (SMU):** Representantar for foreldre, elevar og tilsette.

**Elevråd:** I elevrådet sit 12 elevrepresentantar frå 2.-7. kl. Audny Dalsbø er elevrådskontakt.

## 9A - Eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

### Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Dette blir kalla skulen si aktivitetsplikt.

### Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal då varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.

### Melde saka til Statsforvaltaren

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Statsforvaltaren i Vestland.

- Først må du ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no

Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland

### Informasjon til barn, unge og føresette

På [www.nullmobbing.no](http://www.nullmobbing.no) finn du informasjon om kva rettar elevar og føresette har, og kva ein kan gjere dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Med venleg helsing

Harald Sivertsen  
kommunalsjef oppvekst og opplæring

## Skulehelsetenesta

Skulen får jamleg besøk av helsesjukepleiar som har samtalar med elevane om kosthald, søvn, fysisk aktivitet, vaksiner og samtalar med enkeltelevar om tema dei treng å snakke om. Ta kontakt om de ynskjer at dykkar barn skal få ein time hos helsesjukepleiar for samtale, hørselstest eller anna. Helsejukepleiar er på Haugen skule og barnehage kvar torsdag.

### Helsesjukepleiar på Haugen skule

Britt Tomasgard

tlf. 951 28 538

### Andre aktuelle oppgåver med samarbeid helsestasjon-skule

- Tverrfaglege møte
- Samarbeidsmøte
- Foreldrerettleiing ved behov
- Deltaking på personal - og foreldremøte, planlegging
- Deltaking på elevrådsmøte
- Anna undervisning/ grupper på førespurnad
- Universelle helsefremjande tiltak for elevane
- Fråfall/ fråvær

Aktuelle tema i arbeidet med elevane kan vere psykisk helse, søvn, kosthald , fysisk aktivitet, pubertet, kropp og seksuell helse, tobakk, alkohol og andre rusmidlar, vald og overgrep.

Helsestasjonen skal etter dei nye retningslinjene ha fokus på barn og unge med psykiske plager. Tenesta skal også vere oppmerksom mot forhold som vald, overgrep og omsorgssvikt.

For å førebygge psykiske vanskar og fremme god psykisk helse kan helsesjukepleiar ha samtale med elevar som har utfordringar i livet og treng nokon å prate med. Elev, foreldre og lærar blir oppmoda om å ta kontakt med helsesjukepleiar dersom det oppstår noko som har innverknad på helsa og trivselen til eleven. Formålet er å førebygge sjukdom og skade og fremje eleven si helse.

Jfr. Retningslinje for det helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom, Helsedirektoratet, 2017

## Plan for skulehelsetenesta i grunnskulen i Stad kommune 2022-23

Hensikta med skulehelsetenesta er blant anna å vere lett tilgjengeleg for elevane. Eleven skal ha mulighet til å ta kontakt med helsesjukaerleiar med sine små og store spørsmål. Det er viktig med god dialog mellom foreldre, tilsette på skulen og helsesjukaerleiar. Vi skal jobbe tværfagleg både med skulen og andre instansar for å fremme helse og trivsel for elevane.

Skulehelsetenesta har fast kontortid på alle skulane. Vi tilbyr undervisning om helsetema i klassane, det er fint om vi kan avtale dette med kontaktlærarane.

Alder	Plan
Skulestart	Helsesamtale/ legeundersøking på helsestasjonen.
1. klasse	Målretta: samtale om <u>kjønnslemlesting</u>
2. klasse	Vaksinasjon på helsestasjonen: difteri, stivkrampe, kikhoste, polio
2. klasse	Undervisning: Psykologisk førstehjelp
3. klasse	Vekt og høgde. Helsesamtale: individuell med eleven på skulen.
3. klasse	Undervisning: kosthald, fysisk aktivitet.
3. klasse	Foreldremøte: kost og fysisk aktivitet med fysioterapeut og <u>helsesjukaerleiar</u> .
4. klasse	Undervisning: Vold og overgrep
5. klasse	Undervisning: Pubertet og eigenomsorg Målretta: samtale om <u>kjønnslemlesting</u>
6. klasse	Vaksinasjon på skulen: <u>meslinga</u> , kuma, røde <u>hunder</u> / MMR.
6. klasse	Undervisning: Psykologisk førstehjelp
6. klasse	Undervisning i samarbeid med NOK ( <u>smiso</u> ): seksuelle overgrep/ <u>vold</u>
7. klasse	Vaksinasjon på skulen: HPV
7. klasse	Undervisning: Overgang til ungdomskule



Stad kommune

**Haugen skule og barnehage**

Besøksadresse: Skulehusbakken 26, 6773 Nordfjordeid

Postadresse: Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon: 47 27 14 00 [www.stad.kommune.no](http://www.stad.kommune.no)

E-post: [vivian.melheim@stad.kommune.no](mailto:vivian.melheim@stad.kommune.no)